



Domstoladministrasjonen

Vurdering av domstolstrukturen for tingrettar og jordskifterettar

Vi viser til brev av 18.9.2015. Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande innspel:

Domstoladministrasjonen vurderer å slå saman Sogn tingrett med Fjordane tingrett.

Sogn regionråd er oppteken av at innbyggjarane skal ha nærleik til dei tenestene som tingretten utøver. Sogn tingrett dekkjer eit stort geografisk område. Tingretten har viktige funksjonar for innbyggjarar og næringsliv, og er meir enn domstol for sivilsaker og straffesaker. Tingretten behandlar også saker om skiftesaker, vigsler, konkurs, mellombels sikring og tvangssaker. Staten har eit ansvar for å yte service til innbyggjarane i rimeleg nærleik til der dei bur. Om Sogn blir slått saman med Fjordane betyr det at viktig servicetilbod blir mindre tilgjengeleg og innbyggjarane får auka reisetid.

Politiet bruker i dag mykje tid på transport av innsette for framstilling i retten, og politiet sjølve har mange rettsoppmøte som vitne i saker. Vik fengsel ligg i Sogn. Om alle saker skal førast i retten i Førde vil det gje store ekstrakostnader og ta mykje av arbeidstida for politiet i Sogn.

Om tingretten blir sentralisert kan dette svekka det samla juridiske kompetansemiljøet i vår region. Leiinga kan til ein viss grad sentraliserast, men fagkompetansen må framleis vera i sogneregionen og må ikkje svekkast. Sogn regionråd meiner domstolstrukturen må sikra kompetansemiljøet i Sogn og innbyggjarane sine behov for nærleik til tenestene. Sogn regionråd ser det som viktig at staten opprettheld rettslokale sine funksjonar i Sogndal.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift